



Statens vegvesen

MOTTATT

30 MAI 2014

P14008

TJR

OPUS Bergen AS
Strandgaten 59
5004 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Ingelin Garen - 55516345

Vår referanse:
2014/056149-002

Dykkar referanse:
P14008/AH

Vår dato:
28.05.2014

Uttale til varsel om oppstart av planarbeid - gnr. 28 bnr. 63, 90 og 95 - Kvalheimsneset - Radøy kommune

Vi syner til Dykkar brev motteke hos Statens vegvesen 08.05.2014. Brevet gjeld varsel om oppstart av planarbeid – Reguleringsplan/reguleringsendring for gnr. 28 bnr. 63, 90 og 95, Kvalheimsneset i Radøy kommune.

Planområdet er på om lag 61,6 daa og grensar til ubygd LNF-området i nord og vest. I sør grensar planområdet til Radøytunet regulert til campingplass og gjestehus/serveringsstad. I aust grensar området til sjø.

I gjeldande reguleringsplan er det aktuelle området regulert til campingplass. I kommuneplan for Radøy er området vist med arealføremål fritids- og turistføremål. Omsynssone H910 er lagt i kartet som ei detaljeringssone der gjeldande reguleringsplan fortsatt skal gjelde. Av oppstartsvarsel går det fram at føremålet med planen er å legge til rette for vidare utvikling av området som fritidssenter med ei blanding av private hytter, private hytter med utleigedel og utleiehytter, samt opparbeiding av uteområde med ballplass og leikeplassar. Strandsona vil være offentleg tilgjengeleg.

Statens vegvesen uttaler seg til reguleringsaker med bakgrunn i rollene som

- Vegstyresmakt i riksvegsaker
- Vegadministrasjon for fylkeskommunen i fylkesvegsaker
- Statleg fagstyresmakt med sektoransvar for samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging for sykkel og gange, universell utforming og miljølemping knytt til veg- og vegtrafikk.

Statens vegvesen har følgjande merknader til oppstartsmeldinga:

Uttale

Fv. 414 har skilta fart 80 km/ og ÅDT total er pr. i dag berekna til 350 kjøretøy. Det er i oppstartsvarsel ikkje sagt noko konkret om kor mange nye utleie einingar planforslaget legg opp til. Av kommunens saksframlegg Saksnr. 16/2014 – Hovudutval for plan, landbruk og teknisk datert 19.03.2014 er det antyda 30- 40 nye einingar og kommunen har påpeikt at dette vil generere meir trafikk både på land og til sjøs. Samstundes er det sagt at ei ROS-analyse vil være obligatorisk for ein detaljplan av den storleiken det her er snakk om.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Dersom det skal leggjast til rette for ei utbygging av den storleiken som er skissert over vil rår vi til at avkøyrsla frå fylkesvegen vert utformast som kryss jfr. handbok 017 og 263.

Når det gjeld den detaljerte vegplanlegginga knytt til reguleringsplanen, rår vi til at det vert utarbeida vegteikningar i samsvar med vår handbok 139 *Tegningsgrunnlag*. Omfanget av vegteikningane må tilpassast veganlegget som vert regulert. Teikningane A-F vil ofte vere tilstrekkeleg på reguleringsplannivå. For mindre prosjekt kan fleire tema kombinerast i ei teikning. Det må dokumenterast at dei planlagde vegtiltaka kan byggast i samsvar med vegnormalene og at det er avsett tilstrekkeleg areal til dei i reguleringsplanen.

Statens vegvesen ynskjer å få vegteikningar tilsendt for gjennomsyn før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, slik at eventuelle uklarheiter knytt til tekniske detaljar kan avklarast før høyringa.


Tilrettelegging for nye utleieeininger utover den allereie eksisterande verksemda i området vil føre til ytterlegare auka aktivitet. Kvalheim er eit område som har kort avstand til Bøvågen. Sør for Kvalheim Fritidssenter AS ligg det ein større campingplass. (Radøytunet) Nordvest for planområdet ligg Kvalheim fritidsbustadområde, Nordre Kvalheimsneset gnr. 27 bnr. 14, 23 og 38.

Det aktuelle planområdet er i kommuneplan for Radøy sett av til arealføremål Bygg og anlegg (PBL 2008 § 11-7 nr. 1.) fritids- og turistføremål. Av kommuneplan for Radøy går det fram: *«For areal sett av til bygg og anlegget etter PBL § 11-7 nr. 1 skal infrastruktur for veg, vatn og avlaup sjåast i samanheng med eksisterande og framtidig utbygging i området slik at det vert etablert gode heilskaplege løysingar.»* Fortau er etablert et stykke langs Fv. 414 Marøyvegen, fram til gnr. 28 bnr. 31. Statens vegvesen vil krevje at eit tilbod for mjuke trafikantar i form av fortau vert vidareført på det resterande strekket fram til planområdet. Vi rår til at planområdet vert utvida slik at planen også tar med seg fortau langs det aktuelle vegstrekket. Krav til opparbeiding av fortau må gå fram som eit rekkefølgekrav i føresegnene.

Utforming av veganlegg innanfor planområdet skal skje i samsvar med handok 017.

Når reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn og det ligg føre eit konkret planframlegg vil vi vurdere om våre interesser er tilstrekkeleg sikra i planen.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing


Sindre Lillebø
Seksjonsleiar


Ingelin Garen

Kopi: HFK planseksjonen
Fylkesmannen i Hordaland